

**REFERAT SOKNERÅDSMØTE I HERØY KYRKJE TIRSDAG
12.09.2017 KL 19.30-21.30**

Desse møtte:

Andreas Leine, Torill Haddal Remøy, Bjørn Otterlei, Anne Lise S. Frøystad, Bjørn G. Leinebø, Sissel K. Remøyholm, Gerd Kopperstad, Else Marie L Høydal. Dag Johan Flattun, Elise Frøyen og Marit Sævik Leinebø var med i deler av soknerådsmøte for orientering i saker.

Desse kunne ikkje møte: Steinar Hagen, Dagfinn Kvalsund, Kristin H. Sævik, Helena Leinebø Tonev, Ivar Sulebakk.

Opning ved Bjørn Leinebø.

Melding av eventuelle saker:

1. I samband med besøk av nonne Anne Elizabeth Sweet på kveldsmesse 17/9 er det spørsmål om salg av ei bok etter kveldsmessa.

Orienteringssaker:

1. Brev om presteressursane i Herøy til prost og biskop i Møre bispedømme.
2. Anita Reite Onen jobbe no i 70% stilling og sender oppdatering/orientering til Soknerådet om kva ho bruker stillinga si til.
3. Heimesidene til kyrkja noko mangelfull, mangler bl.a oversikt over gudstenestene utover hausten.

SAKSLISTE

SAK 58/17 BUDSJETTKONTROLL V/MARIT SÆVIK LEINEBØ

Teke til vitande av soknerådet.

SAK 59/17 SØKNAD FRÅ DUGNADSNEMNDA OM MIDLAR TIL KYRKJEKJELLAREN.

Marit S. Leinebø kom med forslag på korleis ein kan få dekke 110 000 kr. Enstemmig vedtatt av soknerådet.

SAK 60/17 BREV FRÅ DAG JOHAN FLATTUN ANGÅANDE JULEKONSERTANE

Utfordrande å arrangere konsert både i Indre og Ytre Herøy kyrkje same dag. Soknerådet ber kantor og organist om å jobbe vidare med saka. Evt arrangere konsert annankvart år, i Indre / Ytre Herøy Kyrkje.

SAK 61/17 FORSONGARGRUPPE I KYRKJELYDEN

Kyrkjelyden treng forsongargruppe for å løfte songen i kyrkja. Kantoren har starta med å sette opp grupper, men treng fleire på lista. Han har ansvar for å sende ut agendaen når den er klar. Ønske om å møte 3/4 time før gudstenesta tek til, for å øve.

SAK 62/17 TILBOD OM Å BRUKE NMSU RESSURSANE INN MOT FAMILIE- OG BARNEARBEID I HERØY KYRKJE.

Dette kan vere med på å auke fokus på misjonsprosjektet som kyrkja har og evt kunne starte lokallag.

Invitere til familiemiddag og i tillegg tilby ulike aktiviteter.
Gunnhild Bremer kan kome og informere om dette og evt hjelp til med oppstart av tilbudet.

**SAK 63/17 STØTTE TIL TO DELEGATER TIL UNGDOMSTINGET I MØRE
BISPEDØMME.**

Støtte blir gitt av Soknerådet, 400 kr pr person + reise til Molde. Torine Kopperstad vil reise.

SAK 64/17 SALG AV BOK ETTER KVELDSMESSE 17/9 2017

Dette arbeidet finn vi så spesielt, og i tråd med eiga målsetting for arbeidet vårt i kyrkja, at vi gjer eit unntak frå vedtaket om å ikkje selge bøker i kyrkja.

Eventuelt:

Treng hjelp til kveldsmesse søndag 17/09 kl 19.00.

Torll H. Remøy, Sissel Remøyholm,
Else Marie L. Høydal og Gerd Kopperstad.

Else Marie L Høydal
Referent